


Rjupeungarne.

Med bilæte av Karl Uchermann.

Rjupemor gjekk frametter féten i fin spreklut sumarkaapa, og var kje so lite høgføtt der ho gjekk. Ho la so tidt hovudet paa led og saag *attende* paa ungarne, som aula etter. »Kakk! — akk! — akk!« tala ho blidt til dei. Og dei fylgde.

Rjupefar stod byrg upp paa ein stein, og saag paa kona si og borni. Han furda paa kva to det munde vera i kvar av desse smaa



kreki, som aula der nede. Ein stor ein bar i aa slaast med bror sin um ein turr pinne, og nuppa han rett dugeleg i halsjørerne.

»Sjaa der hev me han!« skratta rjupefar. »Han vert sant og visst basen. Han er den mest hardbeitte av dei alle.«

Men ein annan hadde det med det, at han vildra seg ifraa hine. Honom hadde rjupemor eit sers auga med.

»Han er den minste, han stakar. Ein skal kje meir venta,« sa ho til rjupefar.

»Han ser noko kleinsleg ut,« sa rjupefar og drog paa det.

»Aa — du skal faa sjaa um inkje han vert mest til gleda av dei alle,« sa rjupemor, og strauk den vesle nedyver halsen med nebben. — — —

Det vart ein umfram god sumar. Ungarne voks so det var ei lyst. Og alle saman, so nær som tvo, kom seg makelaust fort til aa fljuga. Rjupefar vart utolug meir enn ein gong, naar han saag paa

desse tvo som hadde so tungt for seg. Hadde kje *dei* vore no, so kunde dei alle for lenge sidan ha fare paa frie vengjer kvar dei vilde. Men rjupemor stod alltid paa dei minste sin rett. Han kunde berre bia tidi, rjupefar, sa ho, so skulde han nok fæa sjaa kor glupe dei vart, dei med.

Endeleg ein dag var dei tvo minste fløygde. Og so rodde heile flokken nordyver haugarne. Dei var aatte stykke i alt. Men der stod ein gjætargut og sigta paa dei med ein lang stav, som han ynskte skulde vore ei byrsa.

»Der ser ein artil!« sa rjupefar.

Men rjupemor hadde nyss havt eit auga hjaa dei tvo minste, og skyna at snart so orka dei inkje meir.

»Her ein stad maatte det visst vera godt aa rasta,« sa ho.

Og daa rjupefar hørde det, so sa han at dei gjerne kunde slaa seg ned der. Det saag ut til aa vera trygt.

Daa det leid ut paa ettersumaren, hadde alle ungarne vorte store, og med rjupefar i brodden flaug dei vida ikring.

So var det ein dag dei hadde lagt seg nedi ei dæld, og bar inkje sut for den ting i verdi, at buvs! kom det ei gjenta og ein kar med kvar si byrsa.

»Fylg med her!« sa rjupefar, og fór attfor kjærri. Rjupemor og dei tvo yngste tok vegen etter. Men dei fire eldste flaug upp, og med det same small tvo skot, og so eit til. Alle fire rjupeungarne svingla ned att.

Gjenta skreik av gleda. »Fire stykke!« ropa ho. Og karen sprang fram og sanko fuglarne i hop. Ho tok ein rjupeunge i handi, og varleg lyfte ho paa eine vengen.

»Aa, blodet dryp av storebror!« kviskra rjupefar, dukka seg djupt innunder kjærret og la att augo.

»Blodet er so varmt!« segjer gjenta. »Hev du set noko so raudt?« spør ho, og retter blodute fingrar mot felagen sin. So gjekk dei sin veg.

No var det berre fire i fylgjet. Rjupefar gjekk fyre, rjupemor og dei tvo ungarne kom skræmde etter. Og fram mot kvelden kura dei seg i hop burt i ei urd.

Rjupefar sat og saag paa dei tvo ungarne som han no hadde att. Det var just desse tvo som seinast hadde lært aa fluga, og som han aldri hadde brytt seg noko vidare um. Og no for fyrste gongen strauk han desse tvo nedyver halsen med nebben.

Dagen etter rak det yver alle fjellvidder graaklædde kvende og karar, og jagthundar i mengd. Det gjekk smell i smell. Og det svara med lange dyn burtetter hallerne. Hestarne sprang vitskræmde um stølsvollarne. Fenaden fjølda seg i hop upp paa haugarne, og stod berre og kopte.


»No er ræddhugen og uhugnaden komen aat fjellet,« sa rjupefar.

Og dei rømde ut paa ein liten holme i eit vatn. Resten av sumaren heldt dei seg der under nokre steinar. Og meir enn ein gong fekk dei skjelva og vera rædde. — Dei graaklædde vart verande der.

Men so kom snøen stor i fjelli. Og rjupa hadde fenge kvit vinterbunad paa. No samla dei seg helst i større flokkar. Og det vart gaman aa grava holor og lange gangar i snøen, og so halda maaltid paa det ein fann av etande. Men for kvar ny snødetten vart det verre og verre aa finna mat. Dei eldste tok til aa tala um at no laut dei fara ned i laagliderne. Der stod bjørki med fin brum.

So ein graa morgon med tjukk snøhimmel: Det pratar og pjaatrar av tusund rjupor i vierar og flaae haller, og fyller lufti med uro og underlegt liv.

»Kobbæ! kobbæ! kobbæ!« segjer det i alle slag skiftingar, og svarar det i neste augneblinken fraa andre stader. So vert det so tegjande stilt.



Daa vaknar eit brus av mange vengjer. Ein stor rjupeflake stemner heim etter. »Ko—ber—du! Ko—ber—du!« skrik det ÷av hundrad halsar. »Ko—ber—du?« svarar det gnelt att. Og flake etter flake brusar i hastande fløg heim i liderne.

Og so er det ei natt. Maanen straar demantar i uteljande mengd yver all den kvite, mjuke snøen, og teiknar fine skuggar av tre og grøne kvister oppgjenom runnarne. Rjuporne driv i store flokkar, knuppar brum, og smaapratar imedan.

Men rjupemor og rjupefar gjeng sutefulle og ser etter dei tvo ungarne sine. Jau, der høyrer dei skrattet av dei. Fram gjenom bjørkesnaret kjem ein flokk ung-rjupor, og dei tvo er midt i millom der.

b r u m : lauvknuppar.

»Kom hit att!« bed rjupeemor. »Det heng snaror i kvart smette. Det er faarlegt!«

Men dei tvo læst som inkje dei høyrer det minste, og fylgjer flokken framum. Rjupefar og rjupeemor ser paa kvarandre med eit tungt augnekast. Dei stend og lyder so lenge dei kann høyra skrattet av dei tvo ungarne sine.


Daa det leid til morgons, fann rjupefar og rjupeemor dei tvo stive og kalde. Dei hadde gjenge i snara, og laag tett attmed kvarandre. Snøen var uppsparka der dei laag, og kvite fjører hadde falle av. Det hadde nok vore ein svær strid fyrr dauden umsider fekk magti.

Rjupeemor gjeng burt aat dei, og med nebben slettar ho fjørhamen deira som finast til, og gjeng stilt derifraa.

Daa gjeng rjupefar burtaat. Han legg dei stive, sprikjande tærne deira tett i hop. So legg han paa fløg, og rjupeemor fylgjer etter.

Ei liti raud timd av morgonljøs ligg yver kvite fjell; skiplar maanen i hans sylvglans, og gyller demantarne paa snøen.

Olav Sletto.



Menneskjesonen.

Bilæte etter eit maalarstykke av *Chr. Skredsvig*.

*Me menneskjeborn i vaar vesaldom
med sjukdom og sorg maa strida.
Um vismänner alle i saman kom,
dei kunde kje lindra vaar kvida.*

*Men menneskjesonen til verdi kom
og bar vaare byrder tunge.
Han gjekk millom oss i vaar
armodsdom
og lækte gamle og unge.*

*Han fór som den fatige ferdamann
igjenom den vonde verdi.
Men lindring og lækjedom alle fann
som fylgde med han paa ferdi.*

*Sjaa menneskjesonen enno gjeng
imillom oss her paa jordi.
Han ser til den sjuke paa sotteseng
og talar dei trøystar-ordi.*

*Han lækjer og styrkjer liten og stor,
og sorgi til gleda vender.
Me enno kann høyra hans sterke ord
og kjenna hans frelsar-hender.*

Bernt Støylen.